

Notat

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Til: Fylkesrådmannen

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 - sektorbudsjett for opplæring Prognose for tilskot til lærebedrifter

Rekneskapen for 2013 syner eit meirforbruk på tilskot til lærebedrifter i høve vedteke budsjett på om lag 6,5 mill. kr. Kostnadene knytt til auke i tal tilskotsmånader, ut over det som var føresett i budsjettet, utgjer i overkant av 5,5 mill. kr. Dette som følge av auke i tal inngåtte lærekontraktar og at lærekontraktane vert teikna tidlegare på året enn før. I tillegg er tilskotssatsane for 2013 auka ut over det som er kompensert i budsjettet.

Tilskot til lærebedrifter har i 2014 eit budsjett på om lag 56 mill. kr. Budsjettet vart i økonomiplan 2012-2015 nedjustert med 0,6 mill. kr årleg frå hausten 2013 aukande til 0,8 mill. kr årleg frå hausten 2014. Dette som konsekvens av forventna reduksjon i elevtalet. Budsjettet er deretter prisjustert med 1,1 mill. kr og styrka med 2,7 mill. kr tilsvarande den statlege styrkinga til lærlingtilskot, som var innarbeidd i rammetilskotet for 2014. Budsjettet for 2014 er ut over dette basert på ei vidareføring av aktivitetsnivået som låg inne i budsjettet for 2012.

Prognosen for 2014 syner eit meirforbruk i høve budsjettet på om lag 14,5 mill. kr. Meirforbruket knytt til auken i tal tilskotsmånader utover det som var føresett i budsjettet utgjer i overkant av 10,5 mill. kr. I tillegg er tilskotssatsane for 2014 auka ut over det som er kompensert i budsjettet med om lag 4 mill. kr.

Budsjettet for tilskot til lærebedrifter er ei anslagsløyving og det er monaleg uvisse knytt til prognosen for 2014.

Nærare om grunnlaget for prognosen for 2014

Auke i tal lærekontraktar (tal tilskotsmånader)

Faktisk registrerte lærekontraktar viser ein auke på om lag 1400 tilskotsmånader frå 2012 til 2013. Prognosen for 2014 kan tyde på ein auke på i overkant av 1100 tilskotsmånader frå 2013 til 2014, til saman altså ein auke på om lag 2500 tilskotsmånader frå 2012 til 2014. Auken i tilskotsmånader i perioden 2012-2014 ein kostnadsauke på i overkant av 10,5 mill. kr.

Auken i tilskotsmånader skuldast hovudsakleg to forhold;

- a) auke i tal inngåtte lærekontraktar
- b) ein større del av lærekontraktane vert teikna tidlegare på året

Ny inntaks- og formidlingsforskrift, gjeldande frå 03.09.2013, set frist for inngått lærekontrakt eller vg3 i skule til 1. september. Forskrifta set krav til at fylkeskommunen skal tilby søkjarane opplæring i skule dersom søkjarane ønskjer det og dersom dei ikkje kan skaffe læreplass innan fristen. Fylkeskommunen har lite røynsle med tilbod om vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift. Med bakgrunn i manglande røynsle med slike tilbod er ikkje kostnadane ved vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift rekna inn i prognosen. Ei slik gruppe vg3 kan kostnadsreknast til om lag eitt lærlingtilskot per elev. Fylkesrådmannen arbeider aktivt saman med opplæringskontora for at lærekontraktane skal bli teikna så tidleg at ein unngår slike vg3-tilbod.

Auka satsar for tilskot til lærebedrifter

Tilskot til lærebedrifter er regulert av satsar fastsett av Utdanningsdirektoratet;

- lærlingtilskot basis I gjeld lærlingar/lærekandidatar med ungdomsrett
- lærlingtilskot basis II gjeld lærlingar/lærekandidatar utan ungdomsrett.

Samla kostnadsauke som følgje av fastsette tilskotssatsar, ut over det som var kompensert i budsjettet for 2014, utgjer om lag 4 mill. kr.

Fylkesdirektøren si vurdering

Det er for 2014 prognostisert eit meirforbruk på tilskot til lærebedrifter på om lag 14,5 mill. kr. Det er utfordrande å budsjettere på anslagsløyvingar som t.d. tilskot til lærebedrifter, då ein ikkje kjenner talet på lærlingar/lærekandidatar og tal tilskotsmånader før året er omme. Det er difor stor grad av uvisse i prognosane.

Det har dei siste åra, m.a. ved å nytte ekstramidlane til fagopplæring¹ vore arbeid aktivt med å auke tal lærebedrifter og å stimulere til formidling og gjennomføring av vidaregåande opplæring innan yrkesfaga. Dette er m.a. i tråd med den nasjonale satsinga Ny Giv. Auken i tal tilskotsmånader kan tyde på at ein har lukkast med dette arbeidet.

Dei nasjonale tiltaka som er sett i verk for å auke gjennomføringa er statleg finansiert gjennom Ny Giv og styrkinga av tilskotssatsane i statsbudsjettet for 2014. Budsjettet for 2013-17 tek ikkje høgde for auke i lærekontraktar (tilskotsmånader) som følgje av denne satsinga.

Fylkesdirektøren ser det som naturleg å sjå det prognostiserte meirforbruket på tilskot til lærebedrifter i samanheng med evt. mindreforbruk i høve den økonomiske ramma for opplæringstilbodet. Fylkesdirektøren meiner også det vil vere naturleg å sjå dette i samanheng med bruken av ekstramidlane til fagopplæring.

Hovudutvalet for opplæring gjorde i sak 8/14 *Justering av opplæringstilbodet 2014-2015* m.a. følgjande vedtak:

¹ Vidareføring av særskilt ekstraløyving, første gongen gitt fylkeskommunane i 2009 som verkemidlar for å dempe verknadane av finanskrisa. Ekstramidlane er no innarbeidd i rammetilskotet.

«Det blir sett av ressursar tilsvarande to grupper til tilskot til lærebedrifter/vg3 i skule. Desse ressursane kjem i tillegg til grupperessursen som vart avsett i HO-sak 34/13, Opplæringstilbodet for 2014-2015.»

Ut frå ein gjennomsnittskostnad per gruppe per år på 1,4 mill. kr vert kostnaden for 3 grupper 4,2 mill. kr. Verknaden for hausten 2014 vert om lag 1,9 mill. kr. Heilårsverknad frå 2015.

Fylkesdirektøren for opplæring legg kvart år fram sak om disponeringa av ekstramidlane til fagopplæring til handsaming i fagopplæringsnemnda. I 2014 utgjer løyvinga om lag 6,9 mill. kr. I sak 6/14 til fagopplæringsnemnda «Bruk av tiltakspakke- ekstramidlar fagopplæring 2014» vedtok fagopplæringsnemnda at fylkesdirektøren for opplæring får mynde til å disponere 4,7 mill. kr av dei ekstraordinære midlane for 2014 til ei rekkje nærare spesifiserte tiltak for å stimulere til formidling og auke gjennomføringa. Det ligg også i vedtaket at fylkesdirektøren skal levere rapport på førebels bruk av midlane på møtet i oktober 2014. I vedtaket heiter det vidare:

«Fagopplæringsnemnda kjem attende til disponeringa av 2,2 mill. kr av dei ekstraordinære midlane for 2014 i neste møte.»

Budsjettutfordringane for 2014 må løysast som ein del av tertialrapport 1/14.

I samband med arbeidet med budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 må det arbeidast med vidare med å kvalitetssikre prognosane og finne løysing på dei økonomiske utfordringane.